**Til:**
Abdulbari Nihad Dino
Anette Pettersen
Bergljot Brekken
Eilen Refvik
June Stensland
Karina Kvia Varhaug
Mira Njærheim Nord-Varhaug
Ragnvald Riis
Synnøve Veien Lodevegen 43 4365 NÆRBØ
Torben Ueland Håland

| Dykkar ref. | Vår ref. | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|---|
| | 22/28447 | 035 A20 | 19.09.2022 |

**Nærbø ungdomsskule - Referat frå SU/SMU møte 15.09.2022**

Dato: 15.09.2022
Tid: Kl. 19.00 – 20.00

Desse møtte:
Abdulbari Nihad Dino, Bergljot Brekken, Karina Kvia Varhaug, June Stensland, Mira Njærheim Nord-Varhaug, Torben Ueland Håland, Synnøve Veien, Anette Pettersen, Linda Hadland Forsmo

Forfall:
Eilen Refvik og Ragnvald Riis

**Saker:**

**16/22: Godkjenning av saksliste.**

Godkjent

**17/22: Konstituering av SU/SMU:**
Leiar: Synnøve Veien
Nestleiar: Anette Pettersen
Referent: Linda Hadland Forsmo (rektor)

**18/22: Møteplan/årsplan. FAU og SU/SMU møtene blir same kvelden.**

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Haust 2021** | 15.september | 20.okt kl 19.15 | 17.nov kl 19.15 |
| **Vår 2022** | 09.feb kl 19.15 | 23. mars kl 19.15 | 25.mai kl 19.15 |

SU-møtene startar 19.15-20.15

**19/22: Utviklingsplanen 2022-23. Ligg på heimesida til Nus: https://www.ha.no/nus**

Rektor hadde ein kort gjennomgang.

**20/22**: **Orientering om lokalt tillegg til Hå kommune sitt ordensreglementet.**

Rektor hadde ein kort gjennomgang.

**21/22: Uteområdet**

I mars 2021 sette elevrådet opp ei liste over ønskjer for uteområdet. Frå denne lista

blei det gjennomført 3 av ønskja. Det blei bygd to pavljonger, lagt ned tre på eksisterande mur, slik at den blei gjort om til sitjebenk, og det blei laga til volleyballbane med faststøypte stolpar i bakken.

Nå skal uteområdet bli løfta litt vidare. Prosjektansvarleg skal sjekke ut pris på tre av dei andre ønskja på lista. Han sjekkar pris på støypte bordtennisbord til å ha ute, støypte kommunale parkbenker og sykkelstativ til å feste på vegg i sykkelskuret (32 meter).

Etter innhenting av pris skal elevrådet bli teken med på råd om kva me bør gå for.

**22/22: Orientering frå politisk representant.**

Ingen orientering denne gong, då det ikkje passa for nokon å møte, verken hoved- eller vararepresentant.

**23/22: Eventuelt**
For få toalett på NUS:
Det er for lite toalett på skulen. Dette blir påpeika av både elevar og tilsette.

Saka blei drøfta. Rektor tek saka vidare.

Reinhald:
Me er nå så mange elevar og klassar på skulen at me bruker alle klasserom. Me har vakse med to ekstra klasse dei to siste åra. Dette betyr at me nå har 16 klassar, i dei 16 klasseromma skulen har. Kapasiteten på skulen er sprengt. Me treng at klasseromma blir gjort reine kvar dag. Det blir dei dessverre ikkje nå, då reinhald ikkje har kapasitet. Rektor tek det vidare.

Referent: Linda Hadland Forsmo

Med helsing
Hå kommune

Kari Ann Røgenes Bjørnsen
administrasjonskonsulent

**Kopi til:**

**Kopi til:**
Linda Hadland Forsmo
Rune Roaldsen
Waldemar Pettersen kommunalsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur*